NVE
Noregs vassdrags- og energidirektorat

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår dato: 19.06.2026
Vår ref.: 202106514-4 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: DokumentID 26/13180

Sakshandsamar: Toralf Otnes, 22959527, toot@nve.no

NVE fremjar motsegn - Områdereguleringsplan for Øystese sentrum - Kvam herad

Vi viser til brev datert 20.05.2026. Saka gjeld offentleg ettersyn av områdereguleringsplan for Øystese sentrum. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for heilskapleg og langsiktig utvikling av sentrum. Sjølv om brevet her sendast til Statsforvaltaren vender vi oss i innhaldet direkte til kommunen.

NVE har motsegn (jf. pbl § 5-4) til planen fordi faren for skred i bratt terreng ikkje er tilstrekkeleg avklart og teke omsyn til. Grunnlaget for motsegna er skildra i NVE sin Veileder: Unngå innsigelse fra NVE i arealplaner.

Om NVE

NVE er nasjonal sektorstyresmakt for flaum, erosjon, skred, vassdrag, grunnvatn og energi. I tillegg rettleiar vi om førebygging av skadar frå overvatn og forvaltning av vassdrags- og energirelaterte kulturminne. Som høyringsinstans skal vi bidra til at nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor saksområda våre blir varetekne.

NVE sine merknader og motsegn

Generelt om handtering av naturfare i planar

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Klårast går dette fram i KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling» side 12 der det heiter: *«Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens §4-3 vil da ikke være oppfylt.»*

Å avklare reell naturfare er å skilje mellom areal som stettar byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7 sine akseptkriterier for planlagd utbygging, og dei areal der akseptkriteria ikkje er stetta. Førstnemnde areal er å sjå på som friskmelde. Sistnemnde er å sjå på som fareområde, og skal på reguleringsplannivå alltid syne i plankartet som omsynssone Fareområde.

Skred i bratt terreng - motsegn

Den austlege delen av planområdet er kartlagt i samband med den nasjonale faresonekartlegginga av skred i bratt terreng. Rapporten (NVE rapport 23/2017 Skredfarekartlegging i Kvam Herad og Fusa kommune) har gjennomgått intern uavhengig kvalitetssikring (UKS), og kan difor nyttast til å dokumentere tilstrekkeleg tryggleik for tiltak i tryggleiksklasse S3 og høgare. Rapporten viser at det ikkje er skredfare i bratt terreng innanfor det området som er undersøkt.

Den vestlege delen av planområdet ligg utanfor undersøkt område til NVE rapport 23/17. Der finn vi eit mindre aktsemdområde S2 utan skogeffekt i deler av B5 og B6. Skog som er ein føresetnad for tryggleiken er markert i skråninga like vest for planområdet. Det er uklart om føresegnene tillet S3 tiltak i B5 og B6. Ut frå at areal innanfor aktsemdområdet er oppdelt av vegar og tilgjengelege byggeareal er små ser vi det som lite sannsynleg. Vi har eit **fagleg råd** om at de presiserer i føresegnene at det ikkje kan etablerast S3 tiltak innanfor aktsemdområdet. Vi har også eit **fagleg råd** om at de tek grep som sikrar at skogen sin skredførebyggande effekt blir teken vare på. I så fall vil området vere tilstrekkeleg sikkert for S2 tiltak også i framtida.

Vi ser også to aktsemdområde for jord og flaumskred, ved O_IDR1 og deler av BV og KBA1. Desse aktsemdområda er ikkje markerte i plankartet som omsynssone H310 Ras og skredfare. Vi kan heller ikkje sjå at reell skredfare er avklart i planarbeidet. **NVE har motsegn til områdereguleringsplan for Øystese på dette punktet fordi skredfare ikkje er tilstrekkeleg avklart og teke omsyn til. For at grunnlaget for motsegn skal falle bort må reell skredfare avklarast og konklusjonane innarbeidast i planen.**

Kvikkleire og områdestabilitet

Norconsult har vurdert fare for områdeskred innanfor planområdet. Rapporten er datert 06.06.2024. Innanfor planområdet er det registrert ei kvikkleiresone vest for Øysteseelva. NVE forstår elles kunnskapen som er samla i rapporten frå Norconsult, slik at område utanfor den registrerte faresona har tilstrekkeleg tryggleik mot store kvikkleireskred, jf. TEK17 §7-3. Det er ynskjeleg at Norconsult melder desse områda inn som «område utan fare for kvikkleireskred» i NVE si innmeldingsløysing, slik at vi kan ta vekk aktsemdområda som er markerte i våre kartprodukt.

Den registrerte faresona er teke inn i plankartet som ei omsynssone H310_1/H310_2 (lausneområde/utløpsområde). Sona er vurdert å ha tilfredsstillande stabilitet, og det er ikkje erosjon som kan utløyse skred. I og med at faresona er klassifisert med lav faregrad, kan det opnast for at tiltak i tiltakskategori K0 – K3 kan gjennomførast utan krav til ytterlegare dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik mot kvikkleireskred, dersom det på byggesak kan dokumenterast at dei kan gjennomførast utan forverring. For tiltak i tiltakskategori K4 er det viktig at fagområdet geoteknikk blir belagt med ansvar, slik at det blir utført naudsynt prosjektering av grunn og fundamenteringsarbeid, og sikra at tiltaket blir gjennomført med tilstrekkeleg tryggleik.

I føresegn til H310_1/H310_2 står det: *«Ved tiltak innanfor faresonene H310_1/H310_2 og strandsona generelt i heile Øystese skal det som del av søknaden om rammeløyve ligge føre*

geoteknisk dokumentasjon som viser at grunnforholda har tilfredstillande stabilitet….» NVE er samd i at ein må vere forsiktig ved tiltak i sjø. Det er difor viktig at det ved tiltak i sjø (t.d utfylling) blir sett krav til at fagområdet geoteknikk blir belagt med ansvar, slik at det blir utført naudsynt prosjektering av grunn- og fundamenteringsarbeid, og sikra at tiltaket blir gjennomført med tilstrekkeleg tryggleik. De kan ikkje fastsette føresegner til omsynssona som skal gjelde utanfor sona. Vi har difor eit **fagleg råd** om at de i staden markerer områda i sjø innanfor planområdet til dømes med ei føresegnsone #x som de knyter føresegn til.

I epost datert 25.11.2024 rådde vi frå for detaljerte føresegner knytt til tryggleikskrav til tiltakskategoriar og krav til dokumentasjon. De bør heller vise til at tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast i samsvar med TEK17 § 7-3 med tilhøyrande NVE rettleiar 1/2019 som ei preakseptert yting.

Flaum og erosjonsfare

Norconsult har kartlagt flaumfaren og utarbeidd flaumsonekart for planområdet. Kartlegginga omfattar Øysteseelva (datert 31.05.2024), Vikaelva (09.11.2023), og Øyrabekken (27.11.2023). Flaumsoner med klimapåslag er innarbeidd i plankartet, og det er knytt til føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad. De har også fanga opp at produktet av djupne og vasshastigheit er så stor i Busdalen at F2 tiltak skal ha same tryggleiksnivå som F3 tiltak. NVE er nøgde med korleis flaumfare er kartlagt og teke omsyn til i planen.

Vi har eit **fagleg råd** om at de også tek inn ei formulering i føresegn til H320 om at det også må dokumenterast at tiltak i flaumsona ikkje fører at byggverk, byggegrunn og tilstøytande terreng blir utsett for fare for skade eller vesentleg ulempe, jf. TEK17 § 7-1, 2. ledd. Dette er relevant å dokumentere både når det gjeld utbyggingstiltak og ved flaumsikring, jf. føresegnområde #5.

Overvatn

Utover kort omtale i planskildringa har vi ikkje funne noko om korleis de har planlagt overvasshandteringa i planområdet. Det skal vere utarbeidd ein VA områdeplan med oversikt over dagens løysingar for vatn, avlaup, overvatn, og framtidige løysingar. Vi har ikkje funne VA planen i plandokumenta.

Områdereguleringsplanen er eit godt eigna plannivå for å kartlegge overvatn og styre arealbruken slik at ein kan unngå skade frå overvatn. I mangel på anna informasjon har vi følgjande rettleiing om overvatn i reguleringsplan:

<u>Overvatn i reguleringsplanar</u>
Overvatn er vatn som renn av på overflata som følgje av regn eller smeltevatn. Fare frå overvatn oppstår der kreftene til vatnet har eit skadepotensiale. Både stor vassdjupn og høg fart kan føre til fare og skade.

Styr arealbruken, slik at de unngår å opne for nye byggverk i område med fare frå overvatn. Planlegg og utfør tiltak slik at byggverk, byggegrunn og tilstøytande terreng ikkje

blir utsett for fare for skade eller vesentleg ulempe. Det er viktig med opne flaumvegar som sørgjer for trygg bortleiing av overvatn til resipient.

Tryggleik mot naturpåkjenning (akseptabel risiko)
Kommunen må bestemme kva som er tilstrekkeleg tryggleik, jf. dei generelle krava i TEK17 § 7.1, eller bruke NVE si tilråding i kap. 4.1 i NVE rettleiar 4/2022 Handtering av overvatn i arealplanar.

Kartlegging av overvatn
Kartlegging av fare frå overvatn må tilpassast plannivået, storleiken på planområdet og formålet med planen. Ved å ta utgangspunkt i ein terrenganalyse (GIS-analyse) av dreneringslinjer og lågpunkt, kan ein få tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere behov for ytterlegare kartlegging. Fortetting eller transformasjon av eit område kan krevje ei meir detaljert kartlegging tidlegare i planprosessen, enn utbygging i eit heilt nytt område. Når areal i byar med komplisert infrastruktur for overvatn skal utviklast, kan det vere formålstenleg å utføre kartlegginga ved bruk av hydraulisk overflatemodell, sjå NVE Rettleiar 2/2023 Kartlegging av fare fra overvann kapittel 1.6 og 3.

Viktige flaumvegar må kartleggast og merkast av i plankartet.

Vi tilrår følgjande:

- Kartlegge nedbørsfeltet tilknytt planområdet.
- Kartlegge dreneringslinjer gjennom området.
- Mengd avrenning frå området før og etter tiltaket bør kartleggjast.
- Flaumvegar bør visast heilt fram til resipient, og når det er aktuelt må det gjerast ei vurdering av kapasiteten til resipienten. Resipient ligg ofte utanfor planområdet. Flaumvegen fram til resipienten bør likevel visast i dokumentasjonsgrunnlaget som følgjer planen.
- Plasser tiltak i trygg avstand frå flaumvegar.
- Eventuelle risikoreduserande tiltak som er nødvendige for at tryggleiken skal vere tilfredsstillande, må greiast ut og innarbeidast i plandokumenta.
- Vi tilrår at det blir lagt til grunn eit klimajustert 100 års regn ved kartlegging av overvassfare med hydraulisk overflatemodell.

Innarbeiding i plan
Bruk omsynssoner (t.d. H320_x) for å markere område som er utsette for fare frå overvatn jf. pbl. §§ 4-3 og 12-6. Gi føresegner til omsynssonene som sørgjer for at tryggleik mot overvatn er tilstrekkeleg vurderte og varetekne, jf. krav til sikker byggjegrunn i pbl. § 28-1, generelle krav i TEK17 § 7-1 og NVE sine faglege råd om overvasshandtering gitt i NVE rettleiar 2/2017 vedlegg 2.

Kapittel 4.5 i NVE rettleier 4/2022 skildrar relevante lovheimlar for å vareta tryggleik mot fare frå overvatn i reguleringsplan. Her finn de meir om relevante arealformål,

omsynssoner, generelle føresegner, føresegner til arealformål og statlege planretningslinjer for klima og energi.

Omsyn til vassdrag

Tilknytt Øystesevassdraget er det markert 5 nummererte føresegnområde. Føresegnområde #2-#4 gjeld gangveg/sti/bru over elva. #5 gjeld flaumsikringstiltak.

<u>#2-#4 bruer</u>
NVE vurderer at dei nemnde bruene (#2-#4) i planframlegget ikkje vil påverke verneverdiane eller allmenne interesser i vassdraget nemneverdig. Vi forutset at bruene blir etablert flaumsikkert, med minst mogeleg inngrep i vassdraget, og at det blir lagt til rette for reetablering av kantvegetasjon til sides for dei.

<u>#5</u>
#5 omfattar elveløpet og elvebreiddene. Norconsult har utarbeidd ein rapport «Hydraulisk analyse av flomsikringstiltak i Øysteseelva» Rapporten er datert 24.05.2024. Figur 3-1 i rapporten summerer opp dei tilrådde flaumsikringstiltaka i elva. Sjå figur nedanfor.

Norconsult har utarbeidd ein ny rapport (Flomsikring av Øysteseelva, tiltaksvurdering datert 10.06.2024) som tek sikringstiltak frå tidlegare vurderingar eit steg vidare og vurderer dei frå fleire fagområde og perspektiv. Rapporten skildrar allmenne interesser knytt til vassdraget på ein god måte. Vidare drøftar den korleis flaumsikringstiltaka kan påverke desse interessene både negativt og positivt, og gir tilrådingar om vidare arbeid.

Det er sett i gang eit forprosjekt til flaumsikring av Øysteseelva. I følgje kommunen v/Tore Dolvik tek dette utgangspunkt i fig. 8-1 og 8-3 i tiltaksvurderinga. Tiltaka er for det meste lik tiltaka i fig. 3-1 (sjå nedanfor) ned til like nedanfor Holmane bru. Forprosjektet omfattar ikkje tiltaka nedanfor mot fjorden. Forprosjektet tek også med nokre ekstra tiltak, t.d. sprenging i elva oppom brua i Busdalen. Føresegnområde #5, der det blir opna for flaumsikringstiltak, strekker seg heilt til sjøen.



Figur 3-1. Anbefalte flomsikringstiltak langs Øysteseelva for å sikre mot en 200-årsflom.

Til #5 er det knytt slik føresegn:

> **#5**:
> Innanfor føresegnsområdet #5 er det tillate å gjennomføre flaumsikringstiltak. For flaumsikringstiltak langs/over elva skal flaum, erosjon, skred, setningar i grunnen og naturmangfald vurderast. Tiltaka skal vurderast, prosjekterast og godkjennast av rett fagmynde før igangsettingsløyve.

Sjølv om det ikkje er teke konkret avgjerd om kva tiltak som skal gjennomførast i vassdraget finn NVE at handlingsrommet er gjort godt greie for, og at råka allmenne interesser er gjort godt greie for og vurdert. NVE vurderer at samfunnsnytten er høg.

NVE vurderer at flaumsikringstiltaka innanfor #5 rører ved, eller kan få følgjer for allmenne interesser på ein slik måte at dette kan vere konsesjonspliktig etter vassressurslova § 8. Vi vurderer at planmaterialet gir tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere konsekvensane tiltaket har for vassdraget og vassdragsmiljø. Vi vurderer vidare at dersom planen blir vedteken i tråd med dei føresetnadane og råd vi har gitt, vil planen vareta dei omsyna som vassressurslova skal vareta. Planbehandlinga vil derfor kunne erstatte konsesjon, jf. vrl. 20 d).

Samordning, jf. vrl. 20 d), kan berre skje i etterkant av vedteken plan. For at NVE skal kunne gjere ei endeleg vurdering av denne lovbruken må planvedtaket difor sendast over til oss.

Meld inn naturfareutgreiingar
Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med pbl § 2-4 og Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger. Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: Meld inn naturfareutredninger - NVE.

Prosessen vidare
Når det blir fremja motsegn til planen betyr det at de ikkje kan eigengodkjenne den med rettsverknad før grunnlaget for motsegna har falle bort.

NVE si erfaring er at det er nyttig med dialog mellom oss og kommunen når det blir arbeidd med å kome motsegner i møte. Vi oppmodar dykk difor om å ta kontakt. De same må de gjere dersom de har spørsmål til motsegna, eller til andre faglege råd i dette brevet. Dersom de vel å etterkome våre motsegnpunkt må de endre planen slik som skildra ovanfor.

Når de har endra planframlegget, eventuelt på grunnlag av nye utgreiingar, sender de både plandokument og utgreiingar til oss. Dette materialet kan de sende oss som vedlegg til eit brev der de ber oss om å trekke motsegna på grunnlag av endringar i plan/nye utgreiingar. Det er viktig at de i oversendingsbrevet gjere greie for kva endringar som er gjort i plandokumenta, og på kva grunnlag endringane er gjort.

Dersom de ikkje vel å etterkome våre motsegnspunkt kan de be om mekling hjå Statsforvaltaren, jf. pbl § 5-6.

Vi minner om at Statsforvaltaren har fått mynde til å samordne statlege motsegner, og på visse vilkår avskjere dei.

Med helsing

Peer Sommer-Erichson
Fung. seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:
STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Kopimottakarar:
KVAM HERAD